

## **Referat frå elevrådsmøte 10.11.2022**

2. årssteg: ingen møtte
3. årssteg: Adrian og Othilie
4. årssteg: ingen møtte
5. årssteg: Ulik og Leah
6. årssteg: Martha og Alexandra
7. årssteg: Nora Elise og Styrk

### **Rektor**

- Elevane saknar zipline. Denne blir reparert så snart som mogleg. Dei saknar også ufo-dissa. Rektor skal purre på begge sakene.
- Ynskje om fleire fotballar, gjerne klascefotballar. Rektor skal bestille nye, men desse må merkast og passast betre på.
- Ynskje om kantine. Vi skal ha ein gong i månaden for alle elevane. Elevrådet ynskjer meir. Rektor tek saka opp med FAU. Kanskje FAU kan hjelpe til med noko i denne saka.
- Elevar får ikkje gå forbi ventilasjonsanlegget. Dette er grunna hærverk og for få vaksne ute.
- Bussvaktane må passe betre på rekkene før elevane går på bussen. Dei yngste elevane skal gå inn på bussen først.
- Opprydning på grusbane og krøllgrasbane. Det er naudsynt med fleire bosspenn og at folk brukar desse. Rektor skal snakke med dei som brukar krøllgrasbana. Rektor skal fjerne plankar som ligg på og ved grusbana.
- Leiketime siste tysdag i månaden er ein suksess! Elevrådet er einige med lærarane at ein heil dag kan bli slitsomt. Elevrådet ynskjer nye aktivitetar dei kan melde seg på, og at lærarane passar på at elevane ikkje melder seg på same aktivitet fleire gongar på rad.
- Dei eldste elevane ynskjer tilgang til YouTube. Dette for å kunne gjere skulerelatert arbeid. Det blir slitsomt at tilgang blir slått av og på, fordi lærarane gløymer at det tek 24 timer å få tilgang. Elevrådet bestemmer at elevar på mellomsteget skal ha tilgang. Dersom tilgangen blir misbrukt, blir alle tilgangane tatt bort. Elevrådet er einig at dei yngste elevane ikkje skal ha tilgang.
- Elevrådet understreker at det ikkje er lov med tyggis på skulen. Tyggis skal ikkje spyttast ut på bakken ved hallen er nokon andre stader!
- Elevrådet ynskjer fleire faktabøker/faglitteratur på skulebiblioteket, t.d. om dyr og planetar. Og elevrådet purrar på skulebibliotekar om å få fleire aktuelle bøker på engelsk.
- Elevrådsrepresentantane ynskjer meir tid på å gjennomgå referat i klassane. Dei ynskjer også meir tid i klassane til å ta opp saker og til å diskutere ting. Dette utgjer ein stor skilnad!

Linda Selheim

Rektor og referent